HELSE FØRDE

# Verksemdsrapport psykisk helsevern

**Månad**: mai 2022

---

## AKTIVITET

| Psykisk helsevern | Denne periode | | | | | Til no i år | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor |
| **Psykisk helsevern vaksne** | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 1 486 | 1 645 | -159 | 1 574 | -88 | 7 550 | 8 136 | -586 | 7 311 | 239 |
| Tal utskrivne pasientar | 76 | 86 | -10 | 78 | -2 | 403 | 438 | -35 | 383 | 20 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 2 169 | 2 445 | -276 | 1 810 | 359 | 10 589 | 12 517 | -1 928 | 9 755 | 834 |
| **Rus** | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 498 | 686 | -188 | 618 | -120 | 2 542 | 3 109 | -567 | 2 753 | -211 |
| Tal utskrivne pasientar | 19 | 23 | -4 | 16 | 3 | 76 | 105 | -29 | 82 | -6 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 248 | 241 | 7 | 195 | 53 | 1 137 | 1 429 | -292 | 1 146 | -9 |
| **Psykisk helsevern barn og unge** | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald UPH | 108 | 138 | -30 | 93 | 15 | 637 | 625 | 12 | 469 | 168 |
| Tal utskrivne pasientar UPH | 11 | 8 | 3 | 9 | 2 | 53 | 38 | 15 | 35 | 18 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 1 578 | 1 669 | -91 | 1 573 | 5 | 8 312 | 8 850 | -538 | 8 217 | 95 |

### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore lågare enn planlagt i perioden, men høgare enn same periode i fjor. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten vore god innan poliklinikk, men døgnpostane har hatt lågt belegg.

### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore litt lågare enn plan. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

### Beleggsprosent døgnseksjonar

**Beleggsprosent inklusiv perm og anna fråvær, mai 2022, klokka 7**

| Institusjon | Klinikk | Post | Siste 12 mnd | I vald periode | Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd | Pasient på korridor |
|---|---|---|---|---|---|---|
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Akutt Døgn, Psyk.Førde | 69 % | 63 % | -7 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | DPS Allmenn Førde | 76 % | 62 % | -13 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | DPS psykose Førde | 92 % | 94 % | 2 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | ISP Døgn | 64 % | 81 % | 17 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Lokal tryggleikspost Førde | 100 % | 100 % | 0 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | NPS Døgn | 79 % | 87 % | 7 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | NPS Rus | 54 % | 26 % | -28 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Ruspost Tronvik | 77 % | 73 % | -4 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Ungdomspost for psyk.helsevern | 71 % | 58 % | -13 % | 0 |
| **Totalt** | | | **73 %** | **69 %** | **-4 %** | **0** |

## ØKONOMI

| Artskonto | Regnskap | Budsjett | Avvik | Regnskap Hittil | Budsjett Hittil | Avvik Hittil |
|---|---|---|---|---|---|---|
| ⊞ ISF inntekter | 2 899 | 3 179 | -280 | 14 760 | 16 715 | -1 955 |
| ⊞ Gjestepasient inntekter | 644 | 554 | 91 | 3 864 | 2 768 | 1 096 |
| ⊞ Poliklinikk og andre pasientinntekter | 848 | 866 | -19 | 4 053 | 4 007 | 46 |
| ⊟ Pasientrelatert inntekt | 4 391 | 4 599 | -208 | 22 677 | 23 490 | -813 |
| ⊞ Basistilskudd | 40 520 | 40 063 | 457 | 193 244 | 191 469 | 1 775 |
| ⊞ Andre inntekter | 381 | 321 | 60 | 2 091 | 1 787 | 303 |
| ⊟ Sum Driftsinntekter | 45 292 | 44 983 | 308 | 218 012 | 216 746 | 1 266 |
| ⊞ Varekostnader og Helsetjenester | -1 815 | -1 206 | -608 | -7 048 | -6 087 | -960 |
| ⊞ Lønn- og personalkostnader | -40 473 | -39 899 | -575 | -194 948 | -191 202 | -3 745 |
| ⊞ Øvrige kostnader | -4 258 | -3 878 | -380 | -20 760 | -19 456 | -1 304 |
| ⊟ Sum Driftskostnad | -46 546 | -44 983 | -1 563 | -222 756 | -216 746 | -6 009 |
| ⊟ Driftsresultat | -1 254 | 0 | -1 254 | -4 743 | 0 | -4 743 |

**Denne perioden:**
Totale inntekter i perioden er 0,3 mill. høgare enn budsjett. Meirinntekt knytt til basistilskot skuldast at vi har fått ekstra midlar til å styrke tilbodet i 2022. Dette vil vere med å forklare delar av meirkostnaden knytt til løn. Vi har avvik på ISF-inntekter som hovudsakleg skuldast at omlegging av refusjonssystemet gir oss mindre betalt for aktiviteten til PBU enn tidlegare år.

Personalkostnadene er 0,4 mill. høgare enn budsjett i perioden og reisekostnader er 0,2 mill. høgare. Vi har utfordring med sjukefråvær og vakante stillingar som bidreg til mykje overtid. I tillegg manglar vi fleire overlegar, og har brukt 0,5 mill. meir enn plan på innleige frå vikarbyrå. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar har vore litt høgare enn gjennomsnittleg.

Sum driftskostnader i perioden er 1,6 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 1,3 mill. lågare enn budsjett.

**Til no i år:**
Bokførte inntekter er 1,3 mill. høgare enn budsjett.

Totale driftskostnader er 6,0 mill. over budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak har samla sett vore 0,7 mill. høgare enn budsjett så langt i år. Personalkostnadene til no i år er 4,0 mill. høgare enn budsjettert, men reisekostnader er lik budsjett.

Resultatet hittil i år er 4,7 mill. svakare enn budsjett.

# MEDARBEIDARAR

## Månadsverk:




| | 202103 | 202104 | 202105 | 202106 | 202107 | 202108 | 202109 | 202110 | 202111 | 202112 | 202201 | 202202 | 202203 | 202204 | 202205 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | | | | | | | | | | 2022 | | | | |
| Brutto månadsverk | 447 | 453 | 464 | 485 | 548 | 490 | 449 | 461 | 465 | 470 | 460 | 460 | 472 | 468 | 452 |
| Netto månadsverk | 416 | 423 | 436 | 432 | 433 | 425 | 426 | 436 | 444 | 444 | 437 | 438 | 449 | 448 | 435 |
| Tal tilsette | 613 | 622 | 638 | 676 | 677 | 637 | 648 | 647 | 656 | 665 | 642 | 653 | 655 | 658 | 663 |

Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste tolv månader er 474. For eitt år sidan var dette talet 449. Auken skuldast hovudsakleg etablering av tryggingspost i Førde. Vi har færre brutto månadsverk i mai 2002 enn same periode i 2021.

## Sjukefråvær:




| | 2019 | 2020 | 2021 | 202103 | 202104 | 202105 | 202106 | 202107 | 202108 | 202109 | 202110 | 202111 | 202112 | 202201 | 202202 | 202203 | 202204 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kort tid | 3,6 | 4,2 | 3,8 | 3,5 | 3,7 | 3,1 | 2,5 | 2,3 | 3,3 | 4,4 | 4,5 | 4,6 | 4,0 | 3,8 | 7,0 | 5,6 | 3,3 |
| Lang tid | 3,9 | 4,1 | 3,6 | 2,8 | 2,9 | 3,2 | 2,9 | 4,5 | 3,8 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 4,0 | 3,8 | 3,1 | 3,1 | 3,4 |
| Total | 7,5 | 8,3 | 7,4 | 6,3 | 6,5 | 6,3 | 5,3 | 6,8 | 7,1 | 7,8 | 7,8 | 8,1 | 8,0 | 7,6 | 10,1 | 8,7 | 6,7 |

Sjukefråværet var 6,7 prosent i april mot 6,5 prosent same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste 12 månader var 7,5 prosent. For eitt år sidan var dette talet 8,1 prosent.

# KVALITET

## Epikrise




I april var 82 prosent av epikrisene innan PHV sendt innan sju dagar, og 54 prosent var sende innan ein dag.




I april var 92 prosent av epikrisene innan TSB sendt innan sju dagar, og 17 prosent var sende innan ein dag.

**Korridorpasientar**
Det er ikkje registrert korridorpasientar i mai 2021.

**Ventetid for ventande ved slutten av perioden**




Det er 255 pasientar som ventar på behandling, ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 27 dagar.

I same periode i 2021 var det 244 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 27 dagar.

**Ventetid der behandling er starta i perioden**




Dei 161 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 37 dagar før behandlinga tok til.

I same periode i 2021 var det 171 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 39 dagar før dei fekk starta si behandling.

**Fristbrot**

| Eining med fristbrot | For ventande ved periodeslutt |
|---|---|
| | Pasientar |
| Psykisk Helsevern Barn og Unge | 1 |
| Indre Sogn Psykiatrisenter | 1 |
| Nordfjord Psykiatrisenter | 0 |
| Psykiatrisk klinikk | 0 |

Det har vore eitt fristbrot ved Indre Sogn psykiatrisenter og eitt fristbrot innan psykisk helsevern for born og unge.